



”Å vere frivillig på leir er utruleg kjekt. Det gjev meg veldig mykje å sjå gleda og meistringa blant deltakarane”.

- Lise Buset



www.rodekors.no/sfj/frivillig

www.rodekors.no/sfj/ffa

BLI FRIVILLIG PÅ
FERIE FOR ALLE!

Nokre dagar av di tid — minner for livet for 200 barn.

Vil du vere frivillig

på *Ferie for alle* på Hauglandsenteret i Fjaler i sommar? Ein gratis ferieleir for barnefamiljar i Sogn og Fjordane med utfordrande økonomi. På sommarleir deltek omlag 100 små og store feriegjestar kvar veke.

Som frivillig vil du

- ♦ vere leirsjefen sin gode hjelper og del av eit sterkt frivilliglag på omlag 15 Røde Kors-frivillige
- ♦ assistere instruktørane under organisert dagsprogram
- ♦ vere hovudkontakt for tildelte familjar
- ♦ bidra med praktiske gjeremål som å hjelpe til med innsjekk, forklare, vise veg, halde orden og ro, ha kjøkkenvakt, organisere aktivitetar, og støtte der det trengst med stort og smått som oppstår
- ♦ sørge for trivsel og tryggleik, vere tilgjengeleg for ein god samtale, delta i leik og aktivitet

Du treng ikkje vere

frivillig i Røde Kors frå før. Vi treng fleire på laget, og det trengs ingen forkunnskapar. Alle nye får kurs og opplæring for å føle seg trygg i rolla som frivillig.

Du vert

del av ein fantastisk frivilligfamilie som gjer ein viktig forskjell. I Røde Kors treff du engasjerte menneske i alle aldrar som nyttar fritida si på å hjelpe andre. I tillegg til å bidra til ein minnerik ferie for andre, opplev også frivillige at veka set spor, og mange kjem att år etter år.

Bli med og gjer
ein viktig forskjell
for andre!



Saman
gjev vi
200 barn ein
uforgløyemeleg
ferie ❤️



Når?

Ferie for alle er i veke 27, 28 og 29 frå måndag til fredag. Normalt bidreg frivillige ei av vekene, og vel sjølv kva veke som passar. Som frivillig møter du ein dag i forvegen for å bli kjent, førebu deg og ha opplæring.

Kvar?

Leiren vert arrangert på Haugland i Fjaler. Det vert sett opp felles transport frå Førde for frivillige som ikkje vil køyre heile vegen sjølv. Frivillige overnattar på internat i eigne rom med eige bad. Reise, kost og losji vert dekkja.

Korleis?

Besøk www.rodekors.no/sf/frivillig for å melde di interesse. Du vert kontakta og får deretter avgjere om dette passar for deg.

Spørsmål?

Kontakt Siv Merethe Hatlem, ansvarleg for *Ferie for alle* i Sogn og Fjordane Røde Kors. siv.hatlem@redcross.no, 906 65 433.